



Stem Raudt i Karmøy



Foto: Christopher Neumann Ruud.

Raudt Karmøys
valgprogram 2023 - 2027 →

Kvifor stemme Raudt i Karmøy?

Raudt har eit ynskje om å utvikla Karmøy til ein kommune som prioriterer både menneske og natur på ein berekraftig måte. Vår visjon er å skapa ein kommune der fattigdom ikkje eksisterer lenger, og der dei offentlege velferdstenestene er robuste. Samstundes som me utviklar kommunen, skal me sørgja for å ta vare på naturen og miljøet vårt. For å lykkast med dette må me ha god dialog med lokalt næringsliv og politiske instansar i fylket og på Stortinget. Raudt trur på samarbeid som løysinga for å utvikla kommunen vår. Me håpar du vil vera med i samarbeidet og skapa ein open, demokratisk og berekraftig kommune saman med oss.

Godt val!

Demokrati og rettferd

Hovudsaka til Raudt både lokalt og nasjonalt er å kjempa mot forskjells-Norge. Me vil vera med på å byggja ei folkerørslé som kan utfordra det rådande økonomiske systemet, kapitalismen. Målet vårt er eit rettferdig, demokratisk og sosialistisk samfunn der folket tek dei viktige avgjerdene, og samfunnet vert bygt nedanfrå og opp.

I dag ser me det motsette. Marknadsideologien prioriterer profitt framfor demokrati, skattelette for dei rikaste framfor allmenne velferdsordningar, og økonomisk vekst framfor klima, miljø og natur. Dette gjev oss aukande forskjellar mellom folk og eit samfunn som ikkje er berekraftig.

Skiftande regjeringar har i lang tid svekka kommunane sitt økonomiske handlingsrom gjennom å overføra fleire oppgåver til dei utan å auka budsjetta tilsvarande. Dette går kraftig ut over det lokale folkestyret. Kommunar må kutta i tenester for å oppfylla urealistiske økonomiske rammer i staden for å utvikla lokalsamfunna. Raudt vil ikkje ha ein rik stat med fattige kommunar. Me arbeider difor aktivt på Stortinget for å styrka kommuneøkonomien. For oss er internasjonal solidaritet og fredsarbeid viktige verdiar som me òg vil lyfta gjennom kommunestyret.

RAUDT VIL:

- krevja auke i statlege overføringar til kommunane. På Stortinget føreslår me å gjera dette gjennom auka skatt for dei som tener mest, samtidig som me skjermar dei som tener minst.
- at alle tilsette skal ha rett til å yttra seg offentleg og i politiske organ om

arbeidstilhøva sine.

- bruka Ungdomsrådet som ein aktiv samarbeidspartnar til kommunestyret samt råd og utval, og sørga for at det har reell innverknad på sakar og prosessar som angår dei unge i kommunen.
- styrka frivillige organisasjonar og aktivitet i kommunen gjennom økonomisk støtte og tilrettelegging.
- moderera løn og godtgjersler til kommunedirektør, øvste stab, ordførar og betalte politikarar.
- auka satsane for sosialhjelp og halda bustøtte og andre ekstraordinære utbetalingar utanfor utrekningsgrunnlaget.
- halda fram arbeidet med tiltak mot fattigdom for å jamna ut sosial ulikskap.
- ha prøveordning med grunninntekt.
- jobba for at Karmøy får ein palestinsk venskapskommune.
- jobba for at Karmøy kommune boikottar varer frå okkuperte område i Palestina.

Likeverd og mangfald

Raudt går til val for ein open, solidarisk og antirasistisk kommune. Oppgåva til politikarane er å leggja til rette for eit mangfald av menneske i alle aldrar, sørga for likeverd og faktisk høve til å delta i samfunnet, og bygga ein trygg kommune for alle.

RAUDT VIL:

- samarbeida med frivillige organisasjonar om tiltak mot einsemd.
- etablera eit sosialt bustadtilbod for kjøp og sal utanfor marknaden, for å sikra rimelege bustader til mellom anna unge og einslege.
- laga ein kommunal mangfalds- og integreringsplan med forpliktande tiltak for å motvirka diskriminering på grunnlag av kjønn, legning, religion, funksjonsevne eller etnisitet og sikra at alle innbyggjarar i Karmøy kommune opplever likeverd og kan ta aktiv del i samfunnet.
- bruka råd for eldre og råd for menneske med nedsett funksjonsevne som ein aktiv samarbeidspartnar til kommunestyre, råd og utval og sørga for at det har reell innverknad på sakar og prosessar i kommunen.
- støtta kvinneorganisasjonar, LHBTQ+-organisasjonar og frivillige organisasjonar som arbeider mot rasisme og diskriminering.
- sikra tilbod om BPA etter ULOBA sine prinsipp og gode tilrettelagde aktivitetstilbod for alle som treng det.
- ha fokus på universell utforming i alle utbyggingsprosjekt, i kommunale einingar, leikeplassar og turområde.
- at kommune skal sørga for god integrering av flyktningar.
- at norske minoritetar (kvenar, romani, rom, skogfinnar og jødar) sine flaggdagar vert markerte av kommunen.

Folkehelse og velferd

Den norske velferdsstaten bygger på ein sterk offentlig sektor med universelle velferdsordningar. I dag er denne modellen under sterkt press. Når den offentlege velferda vert svekka, opnar ein for private løysingar for dei som kan betala. Dette fører til større klasseskilje mellom dei som kan kjøpa seg tenester og dei som fell utanfor. I tillegg kan nokon få tena store pengar på å eiga velferdstilbod. Andre må betala dyrt for tilbod dei har grunnleggande behov for, t.d. gjennom eigendelar.

RAUDT VIL:

- gå mot all privatisering og konkurranseutsetjing av velferdstenester i Karmøy kommune.
- auka talet på helsefagarbeidarar i kommunen.
- avvise å bruka reduksjon av kostnader og økonomisk effektivitet som mål for om kommunale velferdstenester er gode.
- styrka jordmortenesta og sikra god kapasitet og kompetanse på helsestasjonane.
- arbeida for desentralisert eldreomsorg med sjukeheimplassar over heile kommunen.
- støtta omsorgssektoren i utviklinga av tilbod som er tilpassa dei faktiske behova til kvar einskild brukar – heime, i omsorgsbustad eller på bu- og behandlingsheim.
- oppretta helsestasjon for eldre.
- sikra gratis tryggingssalarar til alle med behov.
- at sjukeheimar og omsorgsbustadar skal ha eigne kjøkken som kan servera lokal mat.
- styrka forebyggjande arbeid mot sjølv mord, overgrep, rusmisbruk og kroppspress.
- jobba for at det blir lagt til rette for eit belønningssystem for dei som har kome seg ut av rus.
- sørga for ikkje-religiøse alternativ i rusomsorga.
- sikra at informasjonen om lågterskeltilbod innan psykisk helse er lett tilgjengeleg og at tilboda får tilført nok ressursar og kompetanse.
- sikra alle barn og unge som har tiltak frå barnevernet god oppfølging frå psykisk helseteam og andre helsetenester.
- ha ein kommunal pott som ein kan søka til for å få dekkja tannhelseutgifter.

Barnehage og skule

Utdanning er den viktigaste investeringa kommunen gjer for framtida. Raudt ynskjer barnehagar og skular som stimulerer sjølv tilliten, kreativiteten og lærelysta hjå° born og unge, og gjev dei kompetanse til å ta del i samfunnet, utvikla det og endra det. Kampen mot mobbing og utestenging er sær s viktig.

Kvaliteten i barnehage og skule er avhengig av kva ressursar ein får tildelt. Kutt rammer i størst grad dei borna som treng ressursane mest. Læarmangel fører til mykje ekstra arbeid for dei lærarane som er der, i form av faste vikartimar.

Overdriven målstyring gjer at skulen vert byråkratisert og lærarane sine arbeidsdagar dominerte av rapportering og målingar. Fokus vert det som kan tellast gjennom testar, og ikkje det som teller for å utvikla heile menneske. Det vert mindre tid til borna og klassemiljøet.

Raudt vil kjempa for at alle tilsette i barnehagar og skular skal få tid og høve til å gjera jobben sin best mogeleg, bli lytta til og kunna ytra seg om tilhøva dei arbeider under.

RAUDT VIL:

- auka ressursane til barnehage og skule per barn.
- styrka PPT, spesialpedagogiske ressursar og andre viktige støtteinstansar.
- laga ein opplæringsplan for alle som jobbar med barn og unge i kommunen, og gi høve til etter- og vidareutdanning for tilsette.
- krevja bemanningsnorm i barnehagar og skular utan å rekna inn andre enn tilsette som jobbar direkte med barna.
- starte ei satsing på skulebibliotek gjennom øymerka midlar og utvida stillinga som oppsøkkande skulebibliotekar til 100%.
- setta av tilstrekkeleg med midlar til fysiske læreverk.
- ha ein samordna plan for bruk av digitale læreverk og jobba for skjermfri skule som hovudprinsipp på 1-4 trinn.
- følgja opp vedlikehald og utbetra uteområda til barnehagar og skular
- halda på skulestrukturen slik at flest mogleg får gå på skule nær heimen.
- bygga ny skule på Kolnes.
- følgja opp forpliktande tiltak mot mobbing og vold i barnehagar og skular.
- oppretta/styrka morsmåsoplæringa og arbeidet med norske minoritetar i barnehagar og skule.
- forsvara den offentlege skulen, og seie nei til etablering av kommersielle privatskular i kommunen.
- styrka skulehelsetenesta med fleire helsesjukepleiarar.
- halda skulen sine tilbod for alle – unngå ekskursjonar som krev foreldrebetaling.
- prøva ut ordningar med leksefri skule og karakterfri skule.
- innføra gratis skulemat på alle skular.
- utfasa kommersielle barnehagar, og sikra at alle nyoppretta barnehageplassar skal vera ikkje-kommersielle.
- redusera foreldrebetalinga for SFO og barnehage og på sikt gjera det gratis.
- satsa på miljørettleiarar og/eller andre typar vaksenkontaktar som forebyggjande tiltak mot mobbing og vold i barne- og ungdomsskule.
- starta forsøksordning der ingen barn byrjar på skulen før dei er fylt 6 år.

Arbeidsliv og næring

Raudt står på arbeidsfolka si side for auka grunnbemanning, mot sosial dumping, overstyring og måleman. I denne kampen er fagrørsla i kommunen den viktigaste samarbeidspartnaren. Arbeidsfolk må få reell innverknad på arbeidskvardagen sin gjennom overordna trepartssamarbeid og formelle møtearenaer på alle arbeidsplassar. Retten til heile faste stillingar må vera det grunnleggande prinsippet i all kommunal verksemd.

Kommunen må leggje til rette for at alle som ynskjer å ta del i arbeidslivet får høve til det, òg når dei har utfordringar med språk, rus, mental helse eller nedsett funksjonsevne.

Raudt ynskjer teknologiske nyvinningar på arbeidsplassane velkomne. Aukande bruk av automatisering og kunstig intelligens kan letta arbeidskvardagen for mange og skapa større fridom. Men teknologi kan òg føra til «teknologisk arbeidsløyse» når jobbar vert overflødige. Difor må me alt no sjå etter nye løysingar. Sekstimarsdagen vil kunna fordela arbeidet betre, gjø helsefordeler for dei med tungt fysisk arbeid og halda fleire inne i arbeidslivet. På nasjonalt nivå går partiet inn for forsøk med samfunnsløn/borgarløn.

RAUDT VIL:

- gå mot all privatisering og konkurranseutsetjing av kommunale tenester.
- følgja opp arbeidet med heile faste stillingar som norm i alle einingar i kommunen.
- sørja for god grunnbemanning og gode vikarordningar som sikrar tilbodet til brukarar og gode arbeidstilhøve for tilsette.
- at nye lærarstillingar skal lysast ut som heile faste stillingar frå dag 1.
- innføra forsøksordning med sekstimars arbeidsdag med full lønskompensasjon.
- utvikla handlingsplan mot sosial dumping i kommunen i samarbeid med fagrørsla.
- sikra tillitsvalde og verneombod nok tid til å utføra verva sine.
- sørja for at det vert stilt krav til tariffavtale og tiltak mot sosial dumping hjå alle bedrifter og underleverandørar som får vera med i anbudsrundar i kommunen.
- at kommunen skal vera aktiv for å tilby lærlingplassar og stimulera lokalt næringsliv til å gjera det same. Legga til rette for at ufaglærte kan ta utdanning.
- sjå sjukefråværet i kommunen i samanheng med grunnbemanning, arbeidspress og arbeidsmiljø, og innføra forebyggande tiltak i samarbeid med fagorganisasjonane.
- at kommunen skal tilby lågterskelarbeidsplassar for at alle som ynskjer det skal kunne bidra til og ta del i fellesskapen.
- styrka trepartssamarbeidet i kommunen med faste møte, reell innverknad og innsyn for organisasjonane.
- sikra trygge kommunale arbeidsplassar og tenester gjennom ein progressiv eigedomsskatt. Eigedomsskatten må ha ein tydeleg sosial profil med botnfrådrag og fritak for dei med låg inntekt.

- sikra at tilsette i private barnehagar som får driftstilskot får løn etter utdanning og kompetanse.

Kultur og idrett

Kultur og idrett skal vera inkluderande, med breidde i tilbod, låg terskel for deltaking og aktivitetar som opnar for meistring og nye tankar. Dataspel, film, grafisk produksjon, programmering og andre digitale uttrykksformer er òg kultur. Kommunen må ta vare på dei lokale kulturhusa, folkebiblioteket, musea, kinoen og kulturskulen som arenaer for å skapa og oppleve kultur og lokalhistorie. Raudt går inn for rimeleg utlån og utleige av lokale til kulturaktivitetar.

Born og vaksne skal ha gode friområde og idrettsanlegg, så langt råd er i nærmiljøa sine. Lommeboka skal ikkje avgjera om born og unge kan delta i organisert idrett eller kulturaktivitetar. Idrettsanlegg i nærmiljøet og å leggja til rette for friluftsliv er viktige folkehelseiltak. Idretten har òg ei særskild viktig rolle som sosial arena for eit mangfald av menneske.

RAUDT VIL:

- oppretta heile faste stillingar i kulturetaten med særleg ansvar for aktivitetar og møteplassar for ungdom, t.d fritidsklubbar.
- støtta opp om og utvikla kulturhus som rusfrie møteplassar og fritidsklubbar for barn og unge, og som opne kulturverkstader for alle i kommunen.
- gi økonomisk støtte til lokalt kulturliv og lokalt utøvande kunstnarar.
- styrka kulturskulen og sette ned eigendelen, med mål om at tilbodet skal verta gratis.
- sørga for gode vilkår for drifta av Karmøy folkebibliotek, med ressursar til meirope og tidsavgrensa prosjekt i tillegg til faste personal- og innkjøpsressursar.
- laga ein plan for å innarbeida e-kultur og e-sport i kommunale fritidstilbod, t.d gjennom samarbeid med kulturhus og bibliotek.
- sørga for eit godt kulturtilbod til eldre i kommunen, både ute i kulturinstitusjonane og gjennom konsertar og andre kulturelle innslag på sjukeheim og eldresenter.
- leggja vekt på faglege innspel og gode tilhøve for tilsette og brukarar av kulturbygg.
- sikra ressursar til vedlikehald og naudsynt oppgradering av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg i heile kommunen.
- støtta opp om arbeid for inkludering og breiddeidrett i idrettslag og klubbar, til dømes gjennom støtteordningar for utstyrsbankar og transport.
- la idrettsklubbar som eig eigne bygg sleppa å betala kommunale avgifter for dei.
- leggja til rette for og halda ved like turløyper i skog og mark, og sørga for løyper med universell utforming der det let seg gjera utan for store naturinngrep.
- ta vare på eksisterande kulturlandskap, historiske område og bygningar.

Klima og miljø

Eit anna uttrykk for kapitalismens harde grep er korleis klima og natur vert påverka. Det er særskild viktig å kjempa mot trongen til økonomisk vekst på ein planet med begrensa ressursar. Klima og natur taper ofte kampen mot storkapitalen. Raudt må difor vera tydelege på at klimakamp er klassekamp. Me må sikra at klimatiltaka er økonomisk progressive slik at dei ikkje rammar dei fattigaste, medan eliten slepp unna.

Me vil at Karmøy skal følge Sabima sine punkt for å bli “naturens drøymekommune”. Det krev mellom anna ein klimaplan med konkrete tiltak som faktisk kutter i utslepp og vernar om naturen og det biologiske mangfaldet i kommunen. Klimaplanen skal gjera det enkelt, praktisk og rimeleg å ta miljøvenlege val, og rusta kommunen for utfordringane ein vil møte i framtida.

RAUDT VIL:

- at omsyn til miljøet skal vera sentralt i den kommunale arealplanlegginga.
- at renovering av kommunale bygg skal legga vekt på energieffektivisering.
- satsa på lokal og kortreist mat i kommunale kantiner og institusjonar.
- regulera cruisetrafikken strengare og setja inn tiltak for å unngå og fjerna havnespy langs kysten vår.
- satsa på å byggja solcellepanel på offentlege bygg.
- kartleggja «grå areal» som kan brukast til utbygging av fornybar energi, som solcellepanel.
- krevja klimagassrekneskap, inkludert karbonopptak og utslepp frå endra arealbruk, i alle arealplanar.
- jobba for eit betre busstilbod i kommunen.

Natur, samferdsle og infrastruktur

I mange tiår har jakta på profit og vekst blitt prioritert over menneske si velferd og helse, og over klima, miljø og natur. Store utbyggingar stel leveområda til dyr og planter, og utslepp av klimagassar og miljøgifter, forsøpling og ukritisk forbruk kveler levegrunnlaget på jorda.

Raudt er eit sosialistisk miljøparti, og står for ein systemkritisk og sosialt medviten miljøpolitikk. Det finst ingen grøn kapitalisme. Skal me finna løysingar på klimakrisa må me ha ei radikal endring av levemønster og samfunnsutvikling. Kostnadane ved omstillinga av samfunnet må berast av fellesskapen og ikkje dyttast over på

enkeltpersonar.

Mange viktige retningsval for miljøet vert tekne nasjonalt og på fylkesnivå°. Men kommunane kan jobba for en aktiv og framtidretta næringspolitikk, god og billig kollektivtransport, miljøvenleg og sosial byutvikling, energieffektivisering og kutt i eigne utslépp. Raudt vil stoppa nedbygginga av verdifull natur og matjord, og få oppdrettsnæringa over i lukka, helst landbaserte anlegg.

RAUDT VIL:

- at Karmøy kommune skal ha en aktiv næringspolitikk som tek opp kompetansen frå lokal industri, maritim industri, olje- og gassektoren og underleverandørar til desse, og tek ei leiarrolle i utviklinga av fornybarsamfunnet. Kommunen må støtta opp om prosjekt med miljøvenlege arbeidsplassar.
- at det skal lagast verneplanar for viktige biotopar og at kommunen står fast ved eksisterande planar for jordvern.
- at Karmøy skal verta ein arealnøytral kommune.
- halda oppe kampen mot omkøyingsvegen.
- jobba for trafikksikring av lokale vegar.
- vegutbygging skal vera statleg finansiert. Me seier nei til bompengar og bypakke i Karmøy.
- jobba for utbetring av vegnettet på Austre Karmøyveg.
- jobb for rask utbetring av Eikjevegen på Kolnes.
- leggja press på regjering og Storting for å få ny Karmsund bru og E134 inn i nasjonal transportplan.
- sikra eksisterande kystkulturlandskap, lyngheier og våtmark, fjerna sitkagran og innføra tiltak for restaurering av myr og våtmark der dette let seg gjera.
- at naturkonsekvenser skal vera kartlagde før alle utbyggingar og ha avgjerande vekt i godkjenning av prosjekt.
- sei nei til alle former for vindkraftprosjekt i kommunen.
- intensivera satsinga på tiltak mot plastforsøpling i sjø og på land.
- ha prøveprosjekt med panteordning for plast.
- fortsetja å ta i bruk miljøvennlege alternativ til plastgranulat på kunstgrasbanar.
- leggja til rette for redusert bilbruk i framtida gjennom utvikling av lokalsamfunna og styrking av kollektivtilbodet. Jobbe med fylkespolitikarane for å få gratis buss i heile kommunen.
- støtta opp om miljøvenlege løysingar for båttransport, både lokalt mellom Nord-Karmøy og Haugesund og regionalt langs vestlandskysten.
- at Haugaland Kraft skal prioritera samfunnsnytte framfor profit.
- halda på rekkefølgeprinsippet i utbygging: før store utbyggingsprosjekt med bustader må skuleplassar, velferd, idrettsplassar, infrastruktur og kollektivtilbod vera på plass.
- at omsyn til barn og unge og til klima og miljø skal vega tungt i utbyggingssaker
- arbeida for nasjonal plan og kostnadsdeling for vatn og avlaup.

- etablera fleire blomeenger i parkar og midtrabattar/rundkøyeringar for å hjelpa bier og andre insekt.

Landbruk

Eit berekraftig landbruk og auka sjølvforsyning er viktigare enn nokon gong. Landbruket er i dag under stort press, og stadig færre ynskjer å arbeida som bønder. Kommunen har eit ansvar for å skapa gode vilkår for landbruket, slik at bonden kan fokusere på å vera bonde, og ikkje vera avhengig av fulltidsjobb på sida av gardsdrifta. Raudt vil ha eit landbruk med god dyrevelferd som tek vare på kulturlandskap og er med på å sikra biologisk mangfald. Høgt produksjonspress, trong økonomi og lange arbeidsdagar fører til en stressande arbeidssituasjon som går ut over bøndene si psykiske helse. Bonden skal ha ei lønn å leve av og ein helsefremjande arbeidsplass. God dyrevelferd startar med at bonden har det godt.

RAUDT VIL:

- auka lokal matproduksjon og graden av sjølvforsyning med grunnlag i eigne arealressursar.
- jobba for betre dyrevelferd i landbruket.
- halda oppe og styrke jordvernsplanen til kommunen.
- støtta opp om lokale bønder.

Vår valgliste

1. Kristian Mateo Norheim, Åkrehamn, f. 1995
2. Reidun Johansen Bergland, Veavågen, f. 1999
3. Egil-Andre Opsahl Søreng, Kopervik, f. 1993
4. Eva Hildur Hagland, Kolnes, f. 1958
5. Kennet Kvilhaugsvik Tangen, Kopervik, f. 1986
6. Geir Allan Stava, Åkrehamn, f. 1959
7. Margareth Gramstad Storebø, Skudeneshavn, f. 1973
8. Kjellaug Bjerkli Haarberg, Karmsund, f. 1978
9. Bendik Tjøsvoll, Veavågen, f. 1991
10. Jofrid Aarsvold Folkedal, Kopervik, f. 1991




Rødt



BLI MED PÅ LAGET

Scan QR-koden med mobilen eller se rødt.no/bli-medlem for å melde deg inn.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK

 facebook.com/rodthaugaland



Rødt